

Til  
Styret i Helse Førde  
v/ Agnes Landstad

20.04.2017

## **Innspel i høve misstillitsaka i Helse Førde**

Vi syner til ulike brev og tilsvaer de har motteke frå september til dags dato som gjeld misstillitsaka i Helse Førde, dessutan oppslag i media om same tema den siste tida.

I brev og tilsvaer vert det mellom anna hevda at det er utbreidd misstillit i organisasjonen mot føretaksleiinga generelt og administrerande direktør Jon Bolstad spesielt. Alle utviklingsprosjekta som føregår parallelt medfører store problem for drifta i avdelingane, og for dei tillitsvalde som skal rekke over alt. I tilsvaret frå DNLFF står det, sitat:

*«Den manglande tilliten ein i dag ser til AD vil utan tvil utgjere ein stor trussel for gjennomføring av planlagde omstillingar, som skal gje grunnlag for gode resultat i framtida. Dei tillitsvalde vil gjere sitt for at føretaket kan klare seg gjennom krisa. Men som rapporten påpeikar ligg hovudansvaret for samarbeid og tillit hos leiinga. Når tilliten i fleire leiarlinjer no er nærast ikkje eksisterande, gjer det at prosessar stoppar opp og at den ekstra innsatsen vi er avhengige av hos dei tilsette forsvinn.»*

Vi kjenner oss ikkje att i utsegnene som kjem fram i desse breva og i media. Vi ynskjer med dette å fremje eit anna syn på saka som omhandlar tillitskrisa i Helse Førde og det nyleg utsende varselet om for mange pågåande og planlagde prosjekt.

### **Kor utbreidd er eigentleg misstilliten i Helse Førde?**

Mange legar, sjukepleiarar, radiografar, helsefagarbeidarar, sekretærar og leiarar har frå november og til no lese brev og intervju der dei føretakstillitsvalde fortel om tillitskrisa som føreligg, men mange har aldri motteke informasjon eller blitt spurt om ein er einig eller ueinig i dette.

Hjå Sjukepleiarforbundet(NSF) var ikkje dei tillitsvalde i forbundet rundt om kring i Helse Førde informerte eller førespurde før misstilliten til føretaksleiinga vart sendt til styret (og media) på vegne av dei tilsette. Manglande involvering av medlemmene blei også tatt opp med dei føretakstillitsvalde i Legeforeininga i etterkant av at misstillitserklæringa var sendt frå dei ulike arbeidstakarorganisasjonane. Dette vart omtalt i eit medlemsmøte i Legeforeininga 5. januar 2017 der legestreiken og urosaka i Helse Førde var hovudtema. Utover dette møtet veit vi ikkje om at det har vore halde opne medlemsmøter eller at det har vore tatt systematisk kontakt med leiarar og andre medlemmer i dei ulike organisasjonane i Helse Førde sidan uroa kring prosjektorganisering av føretaket starta sommaren (17. august) 2016.

Etter at poenget med involvering av medlemmer og øvrige tillitsvalde vart påpeikt, har dei føretakstillitsvalde heile vegen presisert at dei snakkar på vegne av seg sjølv og kva dei har opplevd i prosessen. Det er bra og ryddig at dei ikkje lenger hevdar å representere heile organisasjonane sine, og sjølv sagt skal dei føretakstillitsvalde få stå fritt til å meine det dei

meiner. Men når ein likevel fortset å snakke om «dei tilsette», «mellomleiarane» og «utbreidd mistillit», så kan både tilsette og folk utanom Helse Førde tru at ein faktisk representerer eit stort fleirtal. Effekten av dette er uheldig, og det vert opplevd av oss som uryddig.

Dei føretakstillitsvalde beskriv også bekymringsmeldingar frå medlemmar, og i skriva vert det referert i stor grad til leiarar. Sjølv er vi leiarar og medlemmar i mellom anna Norsk sjukepleiarforbund og Legeforeininga, men har vi altså ikkje vore førespurt på noko tidspunkt om kva vi meiner i høve mistilliten. Dette opplever vi som at dei store forbunda ikkje har søkt å nyansere bildet eller å ta i mot synspunkt frå dei medlemmene som ikkje deler synspunkta deira fullt ut.

Oppsummert så ser vi ikkje at dei føretakstillitsvalde konsulterer resten av tillitsvald-korpset eller medlemsmassa si breitt. Det er difor god grunn til å stille spørsmålsteikn ved kor utbreidd misstilliten eigentleg er, og vi ber styret ta desse aspekta med i sine vurderingar.

### **Utgangspunktet for uroa og kor vi står i dag**

Det er tøft for både leiarar og tilsette når endringar ligg føre og føregår. Vi har full forståing for at folk blir urolege, for vi blir det også sjølve.

Mange leiarar var sterkt ueinige i den organisasjonsmodellen som føretaksleiinga foreslo i august 2016, og også korleis prosessen føregjekk. Avdelingssjefar, seksjonsleiarar og andre tilsette følte usikkerheit kring si eiga rolle og arbeidsoppgåver i framtida. Og mange var uroa for korleis pasienthandsaminga skulle skje i den nye organisasjonen Etter vårt syn var det med god grunn at føretaksleiinga valde å skrinleggje omorganiseringsplanen.

Vi må erkjenne at både tilsette, leiarar og tillitsvalde følte seg meir overkøyrde enn involverte då dette stod på. Vi er difor samde med dei føretakstillitsvalde i at prosessen gjekk for raskt, og at tidsrammene for framdrift i prosjekta var for knappe. Det var, etter vårt syn, difor nødvendig at omorganiseringsprosessen vart stogga i haust. Vi respekterer at tilsette og leiarar har hatt ulike opplevingar av prosessen i haust. Det er sjølvsagt legitimt for verneteneste og tillitsvalde å be om redusert fart i prosjektarbeid. Likevel kan ein ikkje stogga omstillingar for alltid; vi må komme oss vidare.

Både sjukehusarkitektar og representantar frå Sjukehusbygg har gjentekne gonger åtvare Helse Førde mot å byggje nytt sjukehus utan å ta naudsynte omstillingar først. Dei viser til andre helseføretak som har flytta inn i nye lokaler utan å modernisere arbeidsformer og organisering. Dette medfører store problem med å gjennomføre dei ønska endringane i organisasjonen. Å angripe føretaksleiinga og administrerande direktør fordi dei føl nasjonale føringar og retningslinjer for planlegging av nye sjukehus, verkar for oss meiningslaust og lite gjennomtenkt.

Helse Førde har vore gjennom tøffe omstillingar før, m.a. på lokalsjukehusa så seint som i 2011/2012. Både leiarar og tilsette opplevde betydeleg stress, og at ein følte prosessen gjekk for raskt den gang som no. Administrerande direktør Jon Bolstad og føretaksleiinga stod ikkje akkurat høgt i kurs til dømes i Nordfjord.

Vi opplever no at omstillingane treff Førde sentralsjukehus, og det er på nytt motstand. Det er likevel klart for oss at vi må omstille, for vi driv sjukehuset gamaldags og til dels ineffektivt på grunn av umoderne lokale og gammalt medisinsk teknisk utstyr som skuldast

dårleg økonomi. Vi har fleire sengepostar med lågt belegg, fordi færre pasientar treng innlegging no enn tidlegare. Poliklinikkane er derimot for små og tungdrivne no når mange fleire pasientar skal ha helsetenestene sine som polikliniske tilbod eller dagtilbod.

Når endringane kjem nært Førde sentralsjukehus verkar det diverre som at det å bevare det ein har blir det viktigaste fokuset – ikkje kva utvikling spesialisthelsetenesta treng for å gje innbyggjarane i Sogn og Fjordane gode tenester. Vår oppgåve er å gjennomføre sentrale, regionale og lokale vedtak til beste for alle. Sjølv sagt må prosessane gå ryddig føre seg, det er vi alle heilt einige om.

Endringane må altså kome uansett dersom vi skal kunne tilby spesialisthelsetenester på sentralsjukehusnivå også i framtida.

### **Fare for pasientikkerheita?**

I eit av dei siste utspela frå Legeforeininga og Sjukepleiarforbundet vert det hevda at leiarar, mellomleiarar og seksjonsleiarar ikkje får utført arbeidet sitt på ein tilfredsstillande måte på grunn av misstilliten til øvste leiing. Det vert hevda at dette no går utover pasienthandsaminga. Dette er ein påstand vi ikkje kjenner oss att i. Til dags dato er det ikkje (så langt vi kjenner til) i noko leiarforum i føretaket kome fram uro frå leiarar om at pasienttryggleiken ikkje er ivareteken i deira eining, seksjon eller avdeling i Helse Førde.

Om så skulle vere tilfelle, pliktar leiarar snarast å melde frå om problema til sine overordna slik at ein kan få hjelp til å løyse dei. Sjølv om mange leiarar er medlemmer i Sjukepleiarforbundet, Legeforeininga eller andre forbund, kan vi som leiarar ikkje berre melde frå om vår uro til tillitsvalde dersom vi vurderer at pasienthandsaminga er uforsvarleg i vår eiga eller andre avdelingar.

Det er difor ein sterk påstand frå dei tillitsvalde i Legeforeininga når dei seier at misstilliten til toppleiinga no går ut over pasientar. Vi opplever ikkje at så er tilfelle. Tvert i mot scorar føretaket godt på nær alle kvalitetsindikatorar, og vi har fantastiske flinke tilsette som kvar dag gjer ein strålende jobb. Likevel vurderer vi at dette snarast må undersøkast, og oppfordrar styret/føretaksleiinga til å hente inn konkret informasjon frå alle leiarar om dei verkeleg vurderer at pasientbehandlinga i deira eining, seksjon eller avdeling grensar mot eller faktisk er uforsvarleg.

Når ikkje slike vurderingar eller konkrete døme er kome fram, så finn vi at slike påstandar er vanskelege å forhalde seg til. Slike ytringar verkar då meir som skremselspropaganda, og bryt ned den tilliten pasientane i Sogn og Fjordane treng å ha til spesialisthelsetenesta.

### **Oppsummering:**

Det er no meir enn eit halvt år sidan omorganiseringsforslaget vart skrinlagd. Likevel opplever vi at nokre leiarar og tilsette sit fast i frustrasjonen, og at desse melder inn sin misstillit til mellom anna Legeforeininga og Sjukepleiarforbundet. Dei føretakstillitsvalde uttrykkjer så at der er utbreidd misstillit til føretaksleiinga blant leiarane.

Både føretaksleiinga, andre leiarar og dei tillitsvalde har eit felles ansvar for å bidra til eit godt samarbeid og ei god utvikling i føretaket. No må alle partar akte seg vel for at det ikkje vert ein sjølv som utgjer hovudhindringa for utvikling.

Med helsing leiarar i Helse Førde,

Kari Anne Indrebø, avelingssjef Dagkirurgisk senter, medl. Sjukepleiarforb.

Tone Holvik, stadleg leiar Nordfjord Sjukehus og avdelingssjef ortopedisk avdeling, medl. Sjukepleiarforb.

Signe Norevik, avdelingssjef nevrologi, revmatologi og rehabilitering, medl. Sjukepleiarforb.

Trine Vingsnes, avdelingssjef medisinsk avdeling, medl. Legeforeininga

Hanne Bildøy, seksjonsleiar medisinsk sørvisseksjon, medl. Delta

Stig Igland, samhandlingssjef og avdelingssjef Læring og meistringssenteret, medl. Sjukepleiarforb.

Margunn Thue, stadleg leiar Lærdal Sjukehus, medl. Sjukepleiarforb.

Aina Russenes, seksjonsleiar kirurgisk sørvisseksjon, medl. Delta

Børge Stavland, avdelingssjef radiologisk avdeling, medl. Radiografforbundet

Geir Andvik, avdelingssjef kreftavdelinga fram til april 2017, medl. Sjukepleiarforb.